

Samarbeidsrådet Aurland, Vik, Voss. Vedtekter.

1. Føremål.

Samarbeidsrådet Aurland, Vik, Voss vil arbeide for å styrke Aurland-Vik-Voss regionen. Kommunane Aurland, Vik og Voss utgjer regionen.

2. Arbeidsområde.

Arbeidet med å styrke Aurland-Vik-Voss regionen vil skje gjennom:

- Samarbeid om samferdsel.
- Stimulering og samordning for å styrke og utvikle næringslivet i regionen med hovedvekt på :
 - landbruk
 - reiseliv
- Kultursamarbeid.
- Forvalte regionalt næringsfond.

3. Medlemmer.

Ordførarane og ein næringslivsrepresentant frå kvar kommune utgjer medlemmene i rådet.

Personlege varafolk: varaordførar og vararepresentant for næringslivsrep.

Næring og tiltaksutvalet i Voss kommune peikar ut næringslivsrep. m/vara frå Voss.

Formannskapet i Vik kommune peikar ut næringslivsrep. m/vara frå Vik.

Formannskapet i Aurland kommune peikar ut næringslivsrep. m/vara frå Aurland.

Næringslivsrepresentant vert valde for 2 kalenderår om gongen.

Rådmennene i kommunane har møte- og talerett.

4. Leiar.

Leiarvervet vil gå på omgang mellom ordførarane med eit kalenderår om gongen. Dei åra det er kommuneval, skjer skiftet etter at ordførar er vald i den kommunen som skal ha leiarvervet kommande år.

5. Sekretær.

Rådmann i Voss kommune, eller ein person han oppnemner vil vere sekretær for rådet og føre protokoll for kvart møte.

6. Arbeidsmåtar.

Rådet skal møtast fysisk minst 2 gonger for året. Rådet kan gjennomføre telefon/videokonferanse og liknande. Leiaren er ansvarleg for innkalling og sakliste til møta. Arbeidet i rådet vert m.a. basert på at medlemmer i rådet vert ansvarleg for saker rådet vil arbeida med.

7. Vedtak.

Vedtak vert gjort med vanleg fleirtal. Ved likt stemmetal tel leiaren si stemme dobbelt. Vedtak i rådet skal protokollførast. Med unnatak av forvaltning av regionalt næringsfond kan ikkje rådet gjere vedtak som forpliktar den einskilde kommunen.

8. Regionalt næringsfond.

Samarbeidsrådet forvaltar det regionale næringsfondet. Rådet utarbeider eigne retningsliner for tildeling og sakshandsaming i fondet. Klagehandsaming skjer i klageorgan til Voss kommune.

9. Økonomi.

Rådet har ikkje eige budsjett. Kvar kommune dekkar sine utgifter innan eige kommunebudsjett. Ved gjennomføring av konkrete tiltak/prosjekt kan ein av kommunane ta på seg vertskapsfunksjonen for tiltaket/prosjektet. Dette kan også gjerast ved hjelp av/i samarbeid med andre.

10. Vedtektsendring.

Rådet kan sjølv gjere framlegg om vedtektsendringar. Vedtekene/vedtektsendringar skal godkjennast av kommunestyra i Aurland, Vik og Voss.

11. Utmelding/oppløysing.

Ein kommune kan melda seg ut av rådet med varsel på minst eit kalendarår. Dersom det ikkje har vore rådsmøte i 2 samanhengande kalendarår, vert rådet rekna som oppløyst.

Aurland kommune

Vik kommune

Voss kommune

Dato

Dato

Dato

Ordførar

Ordførar

Ordførar